

Frist: 2019-03-08

Mål for denne øvinga:

- Lære om operatorar og interaksjon mellom klasser av ulike typar.
- Lære å implementere og å bruke klasser.
- Lære å bruke enkle klasser for eit enkelt grafisk brukargrensesnitt (GUI).

Generelle krav og tilrådingar:

- Bruk dei eksakte namn og spesifikasjonar gjeve i oppgåva.
- Teorioppgåver svarar du på med kommentarar i kildekode slik at læringsassistenten enkelt finn svaret ved godkjenning.
- Det anbefalast å nytte ein programmeringsomgjevnad (IDE) slik som Visual Studio eller XCode.
- 70% av øvinga må godkjennast for at den skal vurderast som bestått.
- **Hugs å lage eit TDT4102-grafikk prosjekt for denne øvinga.**
- Øvinga skal godkjennast av stud.ass. på sal.

Tilrådd lesestoff:

- Kapittel 16 og 17 i PPP (Sjå forresten fagets førebelse pensumliste som ligg på BB under praktisk informasjon)

DEL 1: NTNU-samkøyring (60%)

Du har fått sommarjobb i det nye studentføretaket «EcoTrans» som er starta av nokre miljømedvitne NTNU-studentar. Omorganiseringa til nye NTNU har skapt eit behov for koordinert transport mellom byane Trondheim, Ålesund og Gjøvik. Kvar veke reiser mange tilsette og studentar mellom desse byane, ofte i privatbilar med ledige sete. EcoTrans vil lage eit enkelt datasystem for å stimulere til miljøvenleg samkøyring, og i denne oppgåva skal du skrive nokre kodebitar for eit slikt system.

1 Car-klassa (10%)

a) Deklarer ei klasse Car.

Car skal ha eit heiltal `freeSeats` som privat medlemsvariabel som indikerer kor mange ledige sete det er i bilen. Car skal også ha to `public` medlemsfunksjonar `hasFreeSeats` og `reserveFreeSeat`. `hasFreeSeats` returnerer `true` om bilen har ledige seter, og `false` elles. `reserveFreeSeat` «reserverer» eit ledig sete ved å dekrementere `freeSeats`-variabelen (du kan gå ut frå at funksjonen berre verte kalla på om det er ledige sete).

Deklarasjonar for medlemsfunksjonane:

```
bool hasFreeSeats() const;
void reserveFreeSeat();
```

Nyttig å vite: Const correctness

Det er god praksis å markere medlemsfunksjonar som ikkje endrar objektet med `const`. Dette gjer det enklare å finne feil i koden, og let oss bruke medlemsfunksjonane sjølv om objektet er konstant.

```
class NumberClass {
    int number;
public:
    NumberClass(int number)
        : number{number} {}

    // markert const
    int getNumber() const {
        return number;
    }

    // ikkje markert const
    void setNumber(int newNumber) {
        number = newNumber;
    }
}

int main () {
    NumberClass x{3};

    int i = x.getNumber(); // OK
    x.setNumber(i+1); // OK

    const NumberClass y(4);
    int j = y.getNumber(); // OK

    // IKKJE OK!
    // Kompileringsfeil:
    // kan ikkje kalle ein funksjon
    // som ikkje er markert const,
    // på eit const objekt
    y.setNumber(j+1);
}
```

b) Deklarer og implementer ein konstruktør som tek inn kor mange ledige seter bilen har.

c) Implementer `hasFreeSeats` og `reserveFreeSeat`.

Hugs at deklarasjonen skal vere i `Car.h`, og definisjonen (implementasjonen) skal vere i `Car.cpp`.

2 Person-klassa (20%)

a) Deklarer ei klasse `Person`.

Denne skal ha dei private medlemsvariablane `name` og `email`, begge av typen `string`. I tillegg skal klassa ha ein privat medlemsvariabel `car`, som er ein peikar til `Car`. Legg merke til at vi ønskjer å bruke ein peikar og ikkje referanse til `Car`-objektet.

Grunnen til at vi ønskjer å bruke ein peikar er fordi einkvar peikar kan ha verdien `nullptr` og det passar fint for å representere at ein person *ikkje* har bil. Om vi nytta referanse i staden for peikar ville det vorte vanskelegare å representere dette. Dette er godt forklart i læreboka §17.9.1, og mot slutten av det avsnittet er det oppsummert når ein anbefaler pass-by-value, peikar, eller referanse-parameter.

Klassa skal ha ein konstruktør som set `name`, `email` og `car` til verdier gjeve av parameterlista. For `car` nyttar vi `nullptr` som eit såkalla «default argument» (standard-verdi). Det tyder at konstruktøren kan brukast med berre de to første parametrane, og då vil den tredje få denne standard-verdien. Sjå også nyttig-å-vite-boks om dette temaet. Deklarer ein `get`-funksjon både for `name` og `email`. Deklarer også ein `set`-funksjon for `email`.

b) Implementer konstruktøren og `get`-/`set`-funksjonane frå førre deloppgåve.

Bruk initialiseringsliste i konstruktøren.

Nyttig å vite: default arguments

For å unngå at ein skal definere fleire ulike funksjonar som gjer det same, men har ulik antal parametar i parameterlista, så finnast det *default arguments*.

Til dømes kan ein funksjon som alltid skal leggje saman to tal vere standardisert til å inkrementere det første argumentet med ein, dersom det andre argumentet ikkje er oppgjeven. I staden for å lage to funksjoner som gjer same arbeid eller kallar på ein annan, er det formålstentleg å samle dei. Dette kan ein også bruke med medlemsfunksjonar i klassar.

```
void Adder(int a, int b = 1);
//void Adder(int a = 1, int b); // Gir kompileringsfeil

int main() {
    Adder(42, 42); // a+b=84
    Adder(42); // a+b=43
}

void Adder(int a, int b) {
    cout << "a+b=" << a+b;
}
```

Default argument skrivast i deklarasjonen, men ikkje i definisjonen. Dei må også skrivast sist i parameterlista.

c) Lag medlemsfunksjonen `hasAvailableSeats`.

Funksjonen returnerer `true` om personen eig ein bil og bilen har ledige sete.

d) Overlast operator<<, som skal skrive ut innhaldet i `Person` til ein ostream.

Drøft:

- Kvifor bør denne operatoren deklarerast med `const`-parameter? (t.d. `const Person& p`)
- Når bør vi, og når bør vi ikkje (ev. kan ikkje) nytte `const`-parameter?

e) Skriv testar for `Person` i `main`

Opprett fleire personar, og prøv å teste ulike tilfelle (t.d. har personen bil? Kva med når personen ikkje har bil?).

3 Meeting-klassa (30%)

- a) Deklarer ein `scoped enum`, med namn `Campus`, som inneheld verdiar for dei ulike byane. Overlast operator `<<` for `Campus`.

La deklarasjonen av `enum class Campus` liggje i `Meeting.h`.

- b) Definer klassa `Meeting`.

Klassa skal ha følgjande private medlemsvariablar:

```
int day;
int startTime;
int endTime;
Campus location;
string subject;
const Person* leader;
set<const Person*> participants;
```

Implementer `get`-funksjonar for `day`, `startTime`, `endTime`, `location`, `subject`, og `leader` som ein del av klassedefinisjonen.

- c) Lag medlemsfunksjonen `addParticipant`.

Den skal leggje ein peiker til eit `Person` objekt i `participants`.

- d) Legg til `meetings` som ein statisk, privat medlemsvariabel.

`meetings` skal innehalde peikarar til alle møtene som er oppretta.

```
static set<const Meeting*> meetings;
```

Du må også initialisere variabelen i `Meeting.cpp`:

```
set<const Meeting*> Meeting::meetings;
```

- e) Lag ein konstruktør for `Meeting`-klassa som tek inn `day`, `startTime`, `endTime`, `location`, `subject`, og `leader`.

Hugs å leggje til det nye møtet i `meetings`, og at møteleiaren også er ein deltakar.

- f) Lag ein destruktør for `Meeting`-klassa.

Her må du fjerne peikaren til objektet frå `meetings`.

- g) Lag funksjonen `getParticipantList`.

Funksjonen har ingen parametrar, og returnerer ein `vector` med namn på deltakarane.

- h) Overlast operator `<<` for `Meeting`.

Denne operatoren skal IKKJE vere ein `friend` av `Meeting`. Du står fritt til å velje format sjølv, men du skal skrive ut `subject`, `location`, `startTime`, `endTime`, og namnet på møteleiaren. I tillegg skal han skrive ut ei liste med namna på alle deltakarane.

Test funksjonen din frå `main`.

- i) Skriv funksjonen `findPotentialCoDriving`.


Funksjonen skal ikkje ta inn noko, og skal returnere ei liste med `Person`-peikarar til personar som har ledige seter i bilen til *andre* møte på same stad, på same dag og med både start-tid og slutt-tid som er mindre eller lik ein time forskjellig.

Hint: Funksjonen vil ha følgjande returtype: `vector<const Person>`.*

DEL 2: GUI for samkjøring og møteplanlegging (40%)

For å gjere programmet meir brukarvenleg vil dykk lage eit grafisk brukargrensesnitt (GUI) der passasjerar kan melde seg inn. Den skal ha to tekstfelt, eit for å skrive inn passasjerens namn og eit for e-post. Det skal også vere to knappar: ein for å leggje til personen og den andre for å avslutte programmet.

Før ein går laus på kodinga til eit GUI, er det veldig lurt å danne seg ei skisse for korleis vindaugget skal sjå ut. Det er også lurt å namngje alle ulike avstander i vindaugget. Dette er delvis slik ein ikkje treng å sjonglere alle dei ulike verdiane i hovudet, men mest fordi ein då kan endre på alle felles avstandar på ein stad. Under kjem ei mogeleg skisse av GUI-et der kvar farge er kopla til ein variabel. Det er ikkje eit krav at du følgjer denne skissa, men alle elementa skal vere med til slutt.



Det er anbefalt med `using namespace Graph_lib;` i `.h` fila for å unnlate `Graph_lib::`-prefikset.

Alle variablar og funksjonar i resten av oppgåvene skal vere medlem av vindaugge-klassa vi lagar.

4 Oppretting av GUI (20%)

Til denne oppgåva skal vi bruke `Window` i staden for den tidlegare `Simple_window`, noko som gjer at vi overlet programstyringa til vindaugget sjølv. I praksis tyder det at vi må lage vår eiga vindaugge-klasse som arvar frå `Window` og at klassa skal styre programmet.

- a) Lag ei ny klasse `MeetingWindow`, som arvar `public` frå `Window`, og konstruktøren `MeetingWindow(Point xy, int w, int h, const string& title)`.

Sidan `Window` ikkje har ein default-konstruktør, må du kalle `Window`-konstruktøren i initialiseringslista, der argumenta skal vere dei du tok inn i `MeetingWindow`-konstruktøren. La konstruktørkroppen stå tom inntil vidare.

- b) Legg inn eit kall til funksjonen `gui_main` i `main`.

Denne overlet programstyringa til vindaugget du har laga. Lag også eit objekt av typen `MeetingWindow` før denne funksjonen og prøvekøyr. Du skal få opp eit blankt vindaugge.

- c) Her er det først lurt setje inn nokre heiltal som definerar oppsettet i vindaugget. Sjå skissa over for eit forslag. Sidan desse ikkje skal endrast og er definert før kompileringa, er det lurt å deklarere dei `static constexpr int` og gi dei verdier direkte i `.h` fila. Breidda og høgda til vindaugget kan du hente ut med medlemsfunksjonane `x_max` og `y_max`.

Nyttig å vite: Kort om callback og Widget

Ein callback-funksjon vert kalla av ein knapp i GUI-et når du trykkjer på den og har signaturen `void cb_my_callback(Address, Address pw);`. Den første parameteren bryr vi oss ikkje om, men den andre er adressa til GUI-vindauget. For at du skal kunne bruke vindauget, må du først fortelje funksjonen at den må tolke `pw` som ein `MeetingWindow`-referanse. Dette gjer du med å kalle `reference_to<MeetingWindow>(pw)`, og deretter kan du kalle medlemsfunksjonar med vanleg dot-notasjon. Eksempel og ytterlegare informasjon står i PPP 16.3.1.

Alle GUI-element vi skal bruke arvar frå type `Widget` og må konstruerast i konstruktøren til `MeetingWindow`. Konstruktørane deira tek alle inn dimensjonane til elementet samt ein merkelapp (label). For å aktivere elementa må du også passe på å kalle `MeetingWindow` sin medlemsfunksjon `attach` med dei.

d) Lag callback-funksjonen `void cb_quit(Address, Address pw)`.

For at callback-funksjonen skal få tilgang til private medlemmar, må du deklarerer funksjonen som `static` i `MeetingWindow`.

Denne callback-funksjonen skal nyttast av avslutnings-knappen, så derfor må den kalle den arva medlemsfunksjonen `hide` som avsluttar vindauget.

e) Legg inn eit `Button`-objekt, `quitBtn`, som privat medlemsvariabel.

`quitBtn` må konstruerast i initialiseringslista. Det siste argumentet er callback-funksjonen den skal bruke, og for å sende inn ein funksjon som argument skriv du funksjonsnamnet utan parentes (`cb_quit`). Prøv å køyre programmet her og sjå om det funkar som forventa.

5 Person-funksjonalitet (20%)**a) Legg til to `In_box`: `personName` og `personEmail`.**

Desse er to innskrivingsfelt for parametrane til ein ny `Person`.

b) Legg inn `Vector_ref<Person> people`, og så definer og implementer ein ny funksjon, `void addPerson()`.

Denne vektoren skal innehalde alle personar som vert lagt til. `addPerson` skal lese det som er skrivne inn i tekstfelta og leggje til ein ny person i vektoren med desse argumenta. Dette skal vere eit anonymt/namnlaust objekt, så det er viktig at du brukar `new`! For å hente innhaldet i tekstfelta, må du kalle medlemsfunksjonen `get_string`. Sjekk også om ein av parametrane manglar.

c) Legg til ein ny `Button`, `personNewBtn` med ein tilhøyrande callback-funksjon, `cb_new_person`

Callback-funksjonen skal kalle `addPerson`.

d) Test om programmet fungerer som venta.

Ein enkel måte å gjere dette på er å lage ein `public` funksjon som printar alle personane i vektoren. Denne funksjonen kan du kalle i `main` etter `gui_main`.

6 Utviding av GUI (Frivillig)

I denne oppgåva kan du fullføre GUI-et for samkøyringa. Det skal no verte to sider: ei for `Person` og ei for `Meeting`. Ein skal kunne sjå alle møte/personar som er innførte og kunne leggje inn nye. Vindauget skal ha ein knapp for å avslutte, to knappar som respektivt byttar til `Meeting`- og `Person`-sida, eit tekstfelt for informasjon, eit felt for kvar parameter å leggje inn, og to knappar som respektivt legg til ein ny `Person` eller `Meeting`. I tillegg skal der vere to felt der du kan velje ein person å leggje til eit spesifikt møte, og ein knapp som utfører dette.

a) Legg til ein ny `In_box`, `personSeats`, og ein `Vector_ref<Car>`, `cars`.

Denne skal du bruke for å gi personane ein bil i `addPerson`. Dersom `personSeats` har eit tal som er større enn null, noko som du finn ut ved å kalle `get_int`, lagar du eit `Car`-objekt i `cars` og gir peikaren til denne til `Person`-konstruktøren. Sjøføren må først ha plass, så du må også "reservere" eit sete i `Car`-objektet!

b) Legg til ein `Multiline_out_box`, `data`, som privat medlem.

Denne typen er definert i den utdelte koden "`Graph_lib.h`" og er ein `Out_box` som kan vise fleire linjer. Denne skal fungere som `display` i vårt GUI.

c) Deklarer og definer medlemsfunksjonen `void displayPeople()`

I denne funksjonen skal du leggje inn alle personane til displayet `data`, og dette gjer du med å kalle medlemsfunksjonen `put` som tek inn ein streng. Denne vil tolke `\n` som ny linje. Sett eit kall av denne funksjonen ved slutten av `addPerson`. Kjør programmet og sjå om personane du leggjer inn kjem opp på displayet.

Hint: `stringstream` har medlemsfunksjonen `str` som returnerar innhaldet sitt som ein `string`. Du kan utnytte dette og gjenbruke tidlegare kode.

d) Vi har lyst å leggje til tilsvarende funksjonalitet for ei `Meeting`-side.

Lag to nye funksjonar, `void showPersonPage()` og `void showMeetingPage()`.

Desse skal vi bruke til å bytte mellom `Person` og `Meeting` sidene. For å gjere dette, må `showPersonPage` kalle medlemsfunksjonen `show` på alle element som er knytta til den sida, medan `showMeetingPage` må kalle `hide`. Det omvendte gjeld for alle komande element som vert knytta til `Meeting`-sida. `data` kan vere felles, men då må du kalle `displayPeople` i `showPersonPage`.

e) Legg ein `Menu`, `pageMenu`, og to tilhøyrande `callback`-funksjonar, `cb_persons` og `cb_meetings`.

`Callback`-funksjonane skal respektivt kalle `showPersonPage` og `showMeetingPage`. Ein av parametrane til `Menu` er ein `enum` av typen `Menu::Kind` som fortel om menyen er vertikal eller horisontal. I konstruktøren til `MeetingWindow` skal du leggje til to `Buttons` i `pageMenu` som får sin respektive `callback`-funksjon.

Obs! I `Graph_lib` er det ein feil som gjer at alle `Button`-objekt som leggst inn i ein `Menu` må være dynamisk allokerte med `new`. Når menyen går ut av scope vil den automatisk rydde opp etter seg, så du trengjer ikkje sjølv å kalle `delete` på knappane.

f) Legg inn fire nye `In_box` til `Meeting`-sida: `meetingSubject`, `meetingDay`, `meetingStart`, og `meetingEnd`.

Desse skal vi seinare bruke for å leggje inn `Meeting`-objekt. Nå er det lurt å kalle `personPage` på slutten av `MeetingWindow`-konstruktøren.

g) Legg inn to `Choice` til `Meeting`-sida: `meetingLocation` og `meetingLeader`.

`Choice` er definert i den utdelte `Graph_lib.h` fila og lagar ei rullegardinliste. For å leggje til eit val må du kalle funksjonen `add` med ein strengparameter. Legg inn dei tre relevante stadane til `location` i `MeetingWindow`-konstruktøren. Før du leggjer til val i `leader`, er det lurt å lage ein `vector<const Person*>` medlemsvariabel. Utvid `addPerson` til at dersom personen har ein bil med ekstra sete, leggjer du ho til i den nye vektoren og i `leader`.

- h) Legg inn ein ny funksjon, void addMeeting(), ein callback som kallar denne, cb_new_meeting, og ein knapp med denne callbacken, meetingNewBtn.**
addMeeting skal lese parametrar frå felta og konstruere eit Meeting i ein ny Vector_ref<Meeting>, meetings. Choice har medlemsfunksjonen value som returnerar posisjonen til valet i lista, så bruk dette for å finne rett stad eller rett møteiar i vektoren over bilførarar. Hugs å sjekke om parametrane er gyldige.
- i) Lag ein funksjon som leggjer inn alle møtene til displayet data.**
Kall på denne i addMeeting og showMeetingPage.
- j) Sett inn to nye Choice, meetingChoice og personChoice, ein knapp, participantNewBtn og ein funksjon addParticipant.**
meetingChoice skal innehalde alle møtene som val, medan personChoice skal innehalde alle personane. addParticipant skal leggje personen i personChoice til møtet i meetingChoice. Til det vil du trengje ein ny callback-funksjon og medlemsfunksjon.